



Store saueflokkar er å sjå på beite og innmark. Bilete er frå Kjærland i dag.

Den store sauesamlinga var i helga. Trass dårleg ver laurdagen er det meldt om at mykje sau er henta ned frå fjellet. Det gjeld særleg dei som sankar i Brandvikjo, Øvste Grønningen og lenger inne i Blådalen. Nokre sauebønder har framleis sine sauer på Hauglandsfjellet og i Nåso.

Mykje regn og stor vassføring hindra delvis tilkomsten på laurdagen. Det letta utover dagen og sundagen vart ein god sankedag. Margun Eik og Anbjørn Høvik fekk, bortsett for ein, alle sine sauer og lam heim i år. Det er heller sjeldan at alt kjem heim ved den fyrste samlinga. Ståle Eik er såleis godt nøgd med samlinga i år. Mange dyr ligg langs vegen og elva i Brandvikjo og ventar nærmast på heimturen. Bror til Ståle, Årstein Eik, er sauebonde på Bjelland på Sunde. Han har sine dyr lengre inne i Blådalen.

Olav Hjetland Bringedal og Kurt Miljeteig hat sine sauer i Øvste Grønningen. Flokkane vert samla og skilde i kvier i Stakkabotn. Ein anna sauebonde i Uskedalen, Steinar Haugland, har sine sauer i Valldalen og på Hardangervidda. Så langt vi kjenner til, har Andreas Kristoffersen sine dyr i Mauranger.

Det er framleis nokre grunneigarar som har sauer i Uskedalsfjella. Ivar Kåre Døssland sankar i Nåso og stundom like inn i Fagerdalen. Kåre Myklebust, Arne Johannes Haugland og Lars Haugland brukar Hauglandsfjellet. Store saueflokkar er alt komne ned på heimabøen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal